

Bakteriologisk dyrking, anaerob

Analysemetode

Bakteriologisk dyrking, anaerob

Indikasjon

- Puss, sårsekret frå lukka holrom/fistel/abdomen (ikkje frå overflatiske sår ureina med normalflora), inkludert infisert atherom og hidrosadenitt dersom det tydeleg framgår av remissen at prøven er tatt ved aspirasjon eller etter punksjon/incisjon.
- Prøve frå mistenkt gassgangren
- Empyem, pleuravæske, lungepunktat
- Aspirat frå biholer (kronisk sinusitt)
- Prøve frå peritonsillær abscess
- Aspirat frå endometrium, tuber, fossa Douglasi
- Prøve frå Bartholinitt
- Galle, ascitesvæske
- Vevsprøve
- Prøvar frå tannrøter og tannrotsabscessar
- Prøve frå bittsår
- Prøve til undersøking av Actinomyces
- Leddvæske

Desse prøvetypane vil rutinemessig bli undersøkt også for anaerobe bakteriar sjølv om rekvirenten ikkje har bede spesielt om det. Dette gjeld også anna materiale etter særleg vurdering.

Prøvetaking

Ved mistanke om anaerob infeksjon må dette skrivast spesielt på rekvisisjonen og reglane for prøvetaking følgjast: Unngå ureining av prøven med normalflora frå slimhinner/hud, og unngå lufteksponering av prøvematerialet.


Prøvetakingsutstyr

Aspirasjon med sprøyte og nål av puss og eksudat. Ved FSS kan sprøyte leverast laboratoriet direkte. Då må eventuell luft vere pressa ut, kanylen vere fjerna og stempelet vere fiksert. Bruk elles steril container som fyllast godt opp:



Vårt standard bakteriologiske transportmedium (Amies medium med kol) er tilfredsstillande

for anaerobe prøver:



Oppbevaring/transport

I kjøleskap

Haldbarheit

3 døgn. Eldre prøver avvisast.

Vurdering i laboratoriet

Diagnostikk av anaerobe bakteriar er tidkrevjande og komplisert, og vi vil for dei fleste prøvetypar nøye oss med ein avgrensa diagnostikk, og resistensbestemming overfor penicillin G og metronidazol.

Anaerob blandingsflora er svært ressurskrevjande å utgreie, og vil oftast bli svart "Anaerob blandingsflora som vanskeleg let seg nærare utgreie". Ved funn av anaerobe med stor betydning, vil utvida resistensbestemming ved gradient-test utførast, og isolatet vil evt. bli sendt regionlaboratorium for nærare identifikasjon.

Forventa analysetid 3-5 (7) dagar, lengst tid ved seintveksande mikrobar.

Inkuberast i minst tre døgn før første avlesing.

Feilkjelder

Bakteriell kontaminasjon av prøvematerialet med normalflora av kan gje falskt positivt resultat.

Lufteksponering av prøvematerialet og lang transporttid til laboratoriet kan gje falskt negativt resultat.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

HF Skjema 1084

HF Skjema 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

11.10.2016 Gro Øren